

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte AU Nord  
**Tid/Sted:** Torsdag 27.09.18 kl 08.30 – kl 10.30  
**Tilstede:** Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Fred Tore Fagereng, Bjørn Arne Skoglund, Bente Børsheim, Ragnhild Engan, Merethe Sund og Arne Flatmo  
**Forfall:** Birgitte Rørvik Bruun og Svein Inge Jakobsen (Arne deltok)  
**Kopi til:** Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 27.09.2018

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p><b>Orientering frå styret</b></p> <p>Merethe orienterte om at Nortura fått skryt for handteringa av grovførsituasjonen. Kjøtdeig får auka haldbarheit med ny teknologi. Dyrevelferdsmerking på gris diskutert, men også skryt. Teknologi-satsing i TINE og FK. Økonomi: Fokus dagleg drift, Forbedringspakken og NOVA. Jobba med forsterkande tiltak. Nortura produksjon: Krevjande prioriteringar for vedlikehald, halde nede overtid, utgreiing skjering av gris på lang sikt, slakting av lettgris etisk og økonomisk krevjande. Berekraftig distribusjon: To sporsmodell: Hovuddelen av Nortura sine vareleveransar skal gå via grossist, og resten på crossdock/direkte distribusjon.</p> <p>Egg: Omstillingstilskot til 40 produsentar for omlegging til frittgåande produksjon for å tilfredsstille industrimarknaden, vert tilsvarande vilkår som omlegginga til Norgesgruppen. Coop lansert egg frå utegåande produksjon, er ikkje levert av Nortura.</p> <p>Innovasjon: Grundig gjennomgang, mykje spennande på gang.</p> <p>Totalmarknad: Langtidsprognose til 2025: Befolkningsvekst nedjustert, begrensa sal av storfe og svin utifrå trender, auka sal av egg. Styret anbefalar reduksjon med 4 000 purker, sau/lam på dagens nivå og inga auke i ammekuproduksjon utover det som er under etablering. Svin: Krevjande overproduksjon. Vedtak i Omsetningsrådet om slakting av lett gris. Utkjøp av purker vert utgreia. Ribbetiltaket er utvida, fri tilbakelevering av stykningsdelar til reguleringslager. Storfe: 2 100 tonn på lager. Lam: Godt sal, sau fortsatt kritisk.</p> <p>NOVA: Vert innført på Malvik i neste veke, som fyrste anlegg.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Prising av kjøtdeig hos kjedene: Gilde kjøtdeig prisa med tap, medan eigne merkevarer prisa med fortjeneste. Løner seg ikkje for kjøpmann å ta inn Gilde kjøtdeig.</li><li>• Distribusjon: Kun fokus på berekraftig økonomi, og ikkje miljø?</li><li>• Korleis er dekningsgraden av lam for tida? Kiwi gått ut med manglande leveringskapasitet på lammelår, i følge Venner av norsk landbruk på Facebook.</li><li>• Er det ikkje gjort avtale med kjedene om at kryss-subsidiering ikkje skal forekome?</li></ul> <p><b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</b></p>	
2	<p><b>Miljøutfordringar og transport</b></p> <p>Forslag frå Svein til førespurnad til styret/adm om miljøutfordringar og transport vart drøfta. Poenget er at det vi produserer og foredlar i region Nord, skal distribuerast i</p>	

regionen.

Innspel/kommentarar:

- Hovudsaka er å få sett fokus på transporten, knytt opp mot klima, miljø og berekraft.

**Vedtak: Svein sender førespurnaden til styret om miljøutfordringar og transport.**

Svein

---

**3 Status aktivitetsplanlegging i ressursgruppene, samt høyring i kretsane**

Det har vore gjennomført møter i ressursgruppe gris 03.09, småfe 11.09, egg 19.09. Storfe skal gjennomføre denne veka.

Fred Tore

Brit Kari har hatt møte i Ny Giv-kretsutvala Tromsø/Karlsøy og Balsfjord/Storfjord. Dessverre møtte ingen frå Lyngen, men har avtalt at dei skal samlast til eige kretsutvalsmøte. Gjekk der gjennom høyringsnotatet vedk framtidig rådgjeving i Nortura. Skal ha møter med Ny Giv kretsutvala Midt-Salten, Beiarn og Svartisen i neste veke. Ellers ikkje mottatt nokon innspel frå kretsane.

Brit Kari sender ut aktivitetsplan 2019 til kretsutvala i neste veke, saman med kretsmøteplanen. Vil då oppfordre til møter i kretsutvala for innspel.

Innspel/kommentarar:

- Svein har ringt sine ansvarskretsar, kjem innspel frå Øst- og Midt-Finnmark.

**Vedtak: AU fylgjer opp sine ansvarskretsar, slik at flest moglege kretsar har møter i sine kretsutval.**

AU

---

**4 Planlegging av regionutvalsmøtet 13.11**

Brit Kari orienterte om forslag til innkalling og køyreplan. Fastsetjing av tidspunkt for AU-møte 12.11.

Innspel/kommentarar:

- Sak om lokal foredling? Kva saknar dei av lokal foredling, marknadsføring, distribusjon?
- Rapport om berekraftig distribusjon vert lagt fram på AU-samlinga i oktober, bør avvente inntrykket frå presentasjonen av rapporten.
- Ole Nikolai Skulberg må nyttast meir i møtet, har mykje kunnskap. Få fram situasjonen for alle dyreslaga, import, handelskvoter, m.m.
- Droppe gruppearbeidet, få betre tid til diskusjon.
- Bruke meir tid på orienteringa. Reduksjon i produksjonen har vi sagt er lite aktuelt i regionen, og dermed er ikkje tilpassing til marknadssituasjonen det som opptek oss mest.
- Konklusjon: Droppe gruppearbeid, betre tid til orientering og diskusjon
- Møtestart for AU-møtet kl 13.

**Vedtak: Brit Kari jobbar vidare med planlegginga av regionutvalsmøtet. Møtet i AU Nord vert kl 13 måndag 12.11.**

Brit Kari

---

**5 Orientering frå Medlem og Drift region Nord**

Arne orienterte om tidlegare slakting av lam i veke 34 og 35 enn i fjor. Levert meir Polarlam til Rema i år. Overtid vert unngått t.d. med slakting laurdag, men fører til skyving. Info vert sendt til lammeringsleiarane og alle småfeprodusentar. Storfe: Auka tilførselar frå Lofoten og Vesterålen pga førsituasjon, jamna seg ut no. Gris: Ingen endring i tilførselar. Foreløpig rapport frå Landbruksdirektoratet om tiltak for marknadssituasjonen, med forslag til begrensa slakting av purker. Kan få konsekvensar for Helgelandsregionen, ca 10 000 færre gris til Bjerka. Arne vil lage notat som viser konsekvensane for regionen, som han sender til AU. Er ei fersk næring her, med stor gjeldsbelastning, aktuelt med særordning?

Tilførselar: Misst ein leverandør av gris og småfe til Horn. Signal om småfeprodusentar i Meløy til Horn pga prising av villsau.

Spørsmål/kommentarar:

- Rykter om at Horn ikkje fylgjer opp kravet om KSL. Christer jobbar med ein produsent i Ballangen. Arne fylgjer opp.
- Rammar tiltaka på gris middels store svineprodusentar og ikkje store produsentar med eingongspurker?
- Fagutval gris har så vidt diskutert saka, skal drøftast nærare. Forventa kort høyringsfrist. Må sørge for å ikkje slå føtene under dei som ikkje har så stor produksjon.

Arne

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

6 **Orientering frå fagutvala**

Bjørn Arne orienterte om at det ikkje har vore nytt møte i fagutval egg sidan sist. Neste møte 16.10. Hjertesukk om at endring i pris må sendast produsentar før det kan lesast i media.

Fred Tore orienterte om at fagutval storfe har fokus på situasjonen med slakting etter førkrisa. Ser ut til å ha stabilisert seg, men kan kome meir etter oppsummert førsituasjon. Jobbast med tiltak for føringsskalv og livdyr.

Ragnhild orienterte om at det ikkje har vore noko møte i fagutval småfe sidan sist, neste møte 07.11.

Bente orienterte om at det akkurat har vore møte i fagutval svin. Diskutert rådgjevingssituasjonen etter nedbemanninga, med frustrasjon hos produsentar. Skal sjå på fordeling mellom regionar. Griseløftet: Positivt mottatt, må auke antal avtalar. Eingangspurker: Meir i seinare møte. Forslag om slaktepris i staden for smågrispris for smågris som vert slakta: Vart nedstemt. Utkjøpsordning for purker vurdert. Info brev til smågrisprodusentar om viktigheita av oppfylling av arealkrav til smågris. Dyrevelferd: Alle slaktegrisbesetningar har hatt besøk, mindre enn 5 er avvikla, herav ei i Nord-Norge.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

7 **Eventuelt**

Merethe opplyste om at leiarkonferansen i Norges Bondelag hadde fokus på at det ikkje er landbruket åleine som skal oppfylle klimakvoten. Næringa deltek i ei breidt samansett arbeidsgruppe. Klimatiltak i landbruket vil ha fokus framover. Konferansen hadde også tema rovdyrpolitikk.